
Fra: Utdanningsforbundet Radøy
<post@Radoy.utdanningsforbundet.no>
Sendt: fredag 13. april 2018 10.41
Til: Jon Askeland; Kirsti Gjetle Floen; Jostein Borlaug; Anne Berit Bø
Palmesen; Else Marie Skartveit Dale; Kenneth Taule Murberg;
Christel Villanger Håland
Kopi: Olaf Michal Hella; Jarle Landås; Postmottak Radøy
Emne: Høyring lærarnorm

Til medlemmene av Formannskapet i Radøy!

Vi i Utdanningsforbundet er særst glade for innføringa av lærarnorma. Men vi er *ikkje* tilfredse med korleis denne slår ut i praksis.

Etter at det blei vedteke å oppheva talet og taket for gruppestorleik (2003), har UDF kjempa for at tal elevar pr. lærar blei talfesta. Det er det som no er kome på plass. Det burde seia seg sjølv at for å kunna sjå og følgja opp den enkelte eleven, bør talet på elevar ein har undervisningsansvar for, avgrensast.

Kommunestyret gav dykk i oppgåve å svara på høyringa som no ligg ute. (Frist 22.05.) Høyringa legg opp til innspel og kommentarar om ymse formuleringar. Det er ikkje desse ein bør bruka mest tid på, etter vår meining.

Viktigast er det å få fram dei negative konsekvensane av at tidleg-innsats-midlane er trekte tilbake for å finansiera lærarnorma. (Her kan ein skrolla til det nedste kommentarfeltet.) Dette er heilt urimeleg, og vi kjenner oss litt lurt.

Vi vil også igjen be Formannskapet sjå på den særst krevjande situasjonen det er på Manger skule m.o.t. både klassestorleik og arealnorm, ein situasjon som er forverra ved at tidleg-innsats-midlane forsvann.

Med vennleg helsing

Elisabeth Bygstad

Lokallagsleiar og hovudtillitsvalt

UDF Radøy

Mobil: 404 76 952

- Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten. Denne e-post er kun beregnet for den person/de personer den er rettet til. E-posten kan inneholde fortrolig informasjon. I tilfelle

feiloverføring/feilsending skal e-posten slettes. Det gjøres oppmerksom på at enhver form for bruk av opplysningene mottatt ved feiloverføring/feilsending ikke er tillatt. Ved feiloverføring/feilsending vennligst kontakt avsender eller post@utdanningsforbundet.no, eller ring 24 14 20 00.